

Studietur til Røldal og Suldal

04.04.2007



Røldal og Suldal er knytt saman med den gamle pilegrimsvegen.

Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling arrangerer studietur til Røldal og Suldal 27. og 28. april og det kan bli ledige plassar når styret og gruppene har meldt på sine, seier prosjektleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no.

Turen går til desse bygdene fordi dei på mange måtar kan samanliknast med Uskedalen og har mykje av dei same utfordringane. Det kan vera mye nyttig kunnskap å henta i Røldal og Suldal.

Første dagen blir det program om bygdeutvikling i Røldal.

Deltakarane i turen skal vidare denne dagen sjå på minikraftverk i Brattlandsdalen, lokal matproduksjon (Lefsebiten på Nesflaten og Suldalsskinka på Bråtvæit) og vitja Mo laksegard med elvefiske og bryggjing.

Bygdeutvikling i Suldal står på programmet andre dagen.

Då skal deltakarane mellom andre møta Kjetil Nesheim som fortel om Ungkarsfestivalen, møbelproduksjon og hestesenter.

Camping og bruk av badestamp er eit anna innslag. Badestampen er den TV Haugaland nytta i programmet sitt der mellom andre ordførar Aksel Kloster var med!

Av Ola Matti Mathisen